



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad: Dalsfjorden, Volda Rådhus
Dato: 11.02.2019
Tid: 14:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 3/19	Årsmelding 2018 for Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne
PS 4/19	Skiltplan for del av Volda sentrum - offentlig ettersyn
PS 5/19	Uttale frå Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne til nybygg i Volda kommune
PS 6/19	Orienterings- og drøftingssaker
OS 1/19	Behov for rullestolparkering på ferger - Svar til uttale frå Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne i Volda kommune
OS 2/19	Orientering om handikapinngang ved Volda kyrkje

PS 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sunniva Utnes

Arkivsak nr.: 2014/739

Arkivkode: 033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
3/19	Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne Kommunestyret	11.02.2019

ÅRSMELDING 2018 FOR RÅD FOR LIKESTILLING AV MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Administrasjonen si tilråding:

Årsmelding 2018 for Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne vert teken til vitende.

Samansetjing:

Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne har fem medlemmer, med varamedlemmer, og er oppnemnd av kommunestyret og dei funksjonshemma sine interesseorganisasjonar for perioden 2015-2019.

Leiar: Sølvi Dimmen - SP

Nestleiar: Kari Gamlem – Norsk revmatikarforbund

Medlemmer: Reidar Haug - AP

Solfrid Nautvik – Ørsta/Volda Handikaplang

Stein Conradsen – ADHD Volda Norge

Vara: Janette Mikalsen – Norsk foreining for utviklingshemma

Sveinung Dale – Volda/Ørsta HLF

Reidun Åslid Bjørlykke – LPP Volda/Ørsta Landsforreninga for pårørende innan psykisk helse

Asbjørn Vollset – Astma og allergi Volda/Ørsta

Anne-Grete Eiken – AP

Ester Kessebom Lien – Krf

Arne Oddmund Torvik - Frp

Arbeidsområde:

Rådet skal drøfte saker som er viktige for funksjonshemma og kome med uttale til aktuelle saker som er under arbeid i kommunen.

Aktivitet:

Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne hadde tre møter og handsama 4 politiske saker og hadde oppe 14 orienteringssaker.

Fylgjande saker vart handsama av Råd for likestilling av personar med nedsett funksjonsevne i 2018:**Møte 07.05.2018**

Politiske saker:

Årsmelding for Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne 2017.

Orienterings- og drøftingssaker:

- Orientering om universiell utforming i Elvadalen
- Orientering i høve ferieturar for brukarane i tenestene for funksjonshemma
- Pasient- og brukarombodets årsmelding 2017
- Tilbakemelding frå helse og omsorg – Universiell utforming Volda legesenter
- Orientering frå Oppvekstsjefen om PP-tenesta

Møte 10.09.2018:

Politiske saker:

Ingen.

Orienterings- og drøftingssaker:

- Orientering til Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne om PP-tenesta
- Orientering om Hamna dagsenter
- Orientering om budsjett for helse- og omsorg
- Synfaring i Elvadalen
- Rettleiar for leike- og aktivitetsområde – Dokument til høyring
- E39 Volda - Furene – melding om godkjent reguleringsplan
- Volda Campus Arena - melding om godkjent reguleringsplan

Møte 19.11.2018

Politiske saker:

- Årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022
- Møteplan for politiske møte 2019
- Referat frå «Konferanse for kommunale råd for funksjonshemma i Møre og Romsdal» 07.-08.03.18.

Orienterings- og drøftingssaker:

- Varsel om oppstart av arbeid med kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø, og høyring av planprogram.
- Asfaltering av gangfelt i Volda – Melding om merknad frå møte i Råd for likestilling av funksjonshemma i Ørsta.

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sonja Håvik

Arkivsak nr.: 2017/2368

Arkivkode: Q84

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Ungdomsrådet	13.02.2019
4/19	Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne	11.02.2019
4/19	Eldrerådet	11.02.2019

SKILTPLAN FOR DEL AV VOLDA SENTRUM - OFFENTLEG ETTERSYN

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Vedleggsliste:

Skiltplan for del av Volda sentrum - offentlig ettersyn

Skiltplan for del av Volda sentrum endra i samsvar med vedtak i Forvaltningsutvalet

Skiltplan del av Volda sentrum - utlegging til offentlig ettersyn.

Samandrag av saka:

Vedlagt følgjer skiltplan for del av Volda sentrum - vedteke lagt ut til offentlig ettersyn i forvaltningsutvalet sitt møte den 29.01.2019 (sak 11/19). Føremålet med planen er å løyse dei mest presserande utfordringane med omsyn til trafikkflyt og trafikktryggleik i ein avgrensa del av sentrum.

I høve administrasjonen sitt planframlegg gjorde forvaltningsutvalet vedtak om desse endringane:

Skilting knytt til 40-sone vert endra til 30-sone.

Fysiske trafikktryggingstiltak (til dømes oppmerking av overgangsfelt, heva overgangsfelt) for kryssing av forkøyrsvog i Storgata skal iverksettast samstundes med oppføring av nye skilt.

Administrasjonen blir bedt om å foreslå opplysningsskilt for dei store parkeringsplassane for Volda sentrum frå vest.

Planframlegget som går ut til offentlig ettersyn er justert i høve forvaltningsutvalet sitt vedtak.

Volda kommune ønskjer dykkar synspunkt på skiltplan-framlegget.

Frist for innspel og merknadar vert sett til 25.02.2019.

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POST» «POSTSTED»

»

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2017/2368	1652/2019	Q84	UTV/ TORGSTE	01.02.2019

SKILTPLAN FOR DEL AV VOLDA SENTRUM - OFFENTLEG ETTERSYN

Vedlagt følger skiltplan for del av Volda sentrum - vedteke lagt ut til offentlig ettersyn i forvaltningsutvalet sitt møte den 29.01.2019 (sak 11/19). Føremålet med planen er å løyse dei mest presserande utfordringane med omsyn til trafikkflyt og trafikktryggleik i ein avgrensa del av sentrum.

I høve administrasjonen sitt planframlegg gjorde forvaltningsutvalet vedtak om desse endringane:

- *Skilting knytt til 40-sone vert endra til 30-sone.*
- *Fysiske trafikktryggingstiltak (til dømes oppmerking av overgangsfelt, heva overgangsfelt) for kryssing av forkøyrsvog i Storgata skal iverksettast samstundes med oppføring av nye skilt.*
- *Administrasjonen blir bedt om å foreslå opplysningskilt for dei store parkeringsplassane for Volda sentrum frå vest.*

Planframlegget som går ut til offentlig ettersyn er justert i høve forvaltningsutvalet sitt vedtak.

Volda kommune ønskjer dykkar synspunkt på skiltplan-framlegget.

Frist for innspel og merknadar vert sett til 25.02.2019.

Med helsing

Torgeir Stensø
Sakshandsamar


Vedlegg:

- 1 Framlegg til skiltplan del av Volda sentrum, justert i samsvar med vedtak i forvaltningsutvalet
- 2 Saksutgreiing og vedtaksdokument

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no	www.volda.kommune.no
	Telefon:	Org. nr:
	70058755	939 760 946
		Bankgiro:
		3991.07.81727

Skiltoversikt		
Skilt-teikning	Skiltnr.	Tal
	302	6
	372	2
	306.1	0
	516	21
	522	0
	526.1	0
	526.2	3
	552	17
	807.8	4
Gjeld ikkje varelevering	808	1
Køyring til eigedomane tillate	808	0
Gjeld ikkje ved gravferd	808	0
	828.1	2
	828.2	0
	828.2	0
	828.2	0
10-17 (10-14) over 2 timar	834	12
10-17 (10-14) over 1 time	834	0
Gjeld gjennomkøyring	808	0
	713	3
Sone P	376.1	0
Sone	378.1	0
Sone	376.2	0
Sone	378.2	1
08-17 over 2 timar	834	0
Reservert Holtegården	834	1
	330.2	0
	202	10
	206	2
	208	2
	362.30	4
	364.30	2
Sentrum	713	2



Planområde
 Vedteken/eksisterande trafikkskilting
 Ny trafikkskilting

Volda kommune – Sektor for Utvikling
 Stormyra 2
 6100 Volda

Dato: 03.01.2019
 Teikn nr. 1

Skiltplan Volda sentrum, ytre del

Revisjon

Målestokk: Sign: tst

Forvaltningsutvalet sak 11/19
 den 29.01.2019:
 Vedtak om utlegging til offentlig ettersyn



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Utviklingssektoren

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/2368	1593/2019	Q84	SVK/ SUNUTN	30.01.2019

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - SKILTPLAN DEL AV VOLDA SENTRUM -
UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN.**

Vi melder med dette frå at Forvaltningsutvalet den 29.01.19, hadde føre ovannemnde som sak 11/19, der det vart gjort slikt vedtak:

Med bakgrunn i formannskapet si handsaming av sak PS 165/18 og etter innspel frå Volda næringsforum m.fl. vert revidert skiltplan for del av Volda sentrum - datert 03.01.2019 - lagt ut til offentleg ettersyn.

Skilting knytt til 40-sone vert endra til 30-sone.

Fysiske trafikktryggingstiltak (til dømes oppmerking av overgangsfelt, heva overgangsfelt) for kryssing av forkøyrsvveg i Storgata skal iverksettast samstundes med oppføring av nye skilt.

Administrasjonen blir bedt om å foreslå opplysningsskilt for dei store parkeringsplassane for Volda sentrum frå vest.

Mvh

Sunniva Utnes
Volda kommune, servicekontoret

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda	postmottak@volda.kommune.no Telefon:	Telefaks: 70058701	www.volda.kommune.no Org. nr: 939 760 946	Bankgiro: 3991.07.81727
--	---	-----------------------	---	----------------------------

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Torgeir Stensø

Arkivsak nr.: 2017/2368

Arkivkode: Q84

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
11/19	Forvaltningsutvalet	29.01.2019

REVIDERING AV SKILTPLAN FOR VOLDA SENTRUM

Handsaming:

Ettersendt dokument:

«Merknad frå Volda Næringsforum til sak PS 11/19 i Forvaltningsutvalet» vart ettersendt møtedagen og delt ut på møtet. Forvaltningsutvalet tok seg tid til å lese dokumentet i møtet.

Sindre Kvangarsnes fremma følgjande:

- 1. Forvaltningsutvalet sender saka i retur til administrasjonen.*
- 2. VNF si målsetting er at Volda sentrum skal utvikle seg til ei sentrumskjerne som gjev rom for næringsliv, bustadutvikling og publikum, basert på gode nærmiljøprinsipp. I dette er neddempa fart, god tilkomst og gode fysiske gatemiljøtiltak heilt avgjerande. Forvaltningsutvalet ønsker å få gjennomført ein samla revisjon der alle dei akutte tiltaka vert aktiverte i ein samla plan. Dette er i trå med klare signala frå politisk miljø og næringslivet.*

Øyvind Festø fremma følgjande:

- 1: skilting knytt til 40-sone vert endra til 30-sone.*
- 2: fysiske trafikktryggingstiltak (til dømes oppmerking av overgangsfelt, heva overgangsfelt) for kryssing av forkøyrsvog i Storgata skal iverksettast samstundes med oppføring av nye skilt.*

Sindre Kvangarsnes trekte sitt framlegg.

Sindre Rotevatn reiste spørsmål om gildskap. Han sit i styret i Aaflo Medis Holding AS, som er morselskap til Storgata 7 AS. Han gjekk frå under røystinga om gildskap.

Det var åtte røysteføre.

Sindre Rotevatn vart samrøystes kjend gild. Han tok sete og det var ni røysteføre.

Idar Flo fremma følgjande:

Administrasjonen blir bedt om å foreslå opplysningsskilt for dei store parkeringsplassane for Volda sentrum frå vest.

Røysting:

Det vart røysta alternativt mellom administrasjonen si tilråding og administrasjonen si tilråding med punkt 1 frå Festø sitt framlegg. Administrasjonen si tilråding med punkt 1 frå Festø vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over punkt 2 frå Festø. Punkt 2 i fremlegget frå Festø vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over framlegget frå Flo. Framlegget frå Flo vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 29.01.2019:

Med bakgrunn i formannskapet si handsaming av sak PS 165/18 og etter innspel frå Volda næringsforum m.fl. vert revidert skiltplan for del av Volda sentrum - datert 03.01.2019 - lagt ut til offentleg ettersyn.

Skilting knytt til 40-sone vert endra til 30-sone.

Fysiske trafikktryggingstiltak (til dømes oppmerking av overgangsfelt, heva overgangsfelt) for kryssing av forkøyrsvveg i Storgata skal iverksettast samstundes med oppføring av nye skilt.

Administrasjonen blir bedt om å foreslå opplysningsskilt for dei store parkeringsplassane for Volda sentrum frå vest.

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Med bakgrunn i formannskapet si handsaming av sak PS 165/18 og etter innspel frå Volda næringsforum m.fl. vert revidert skiltplan for del av Volda sentrum - datert 03.01.2019 - lagt ut til offentleg ettersyn.**

Vedleggsliste:

Gjeldande skiltplan for Volda sentrum

Framlegg til skiltplan, del av Volda sentrum, datert 03.01.2019

Formannskaps-sak PS 165/18

Volda Næringsforum: Innspel til endring av skiltplan for Volda sentrum – datert 06.12.2018

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Det er utarbeidd framlegg til revidert skiltplan for del av Volda sentrum. Planen femnar om området Storgata fram til rundkøyring ved Engesetvegen/Lerkane samt delar av Hamnegata/Sjøgata. I arbeidet med revisjonen – som er utforma på bakgrunn av innspel frå Volda Næringsforum m.fl. - har ein i denne omgang konsentrert seg om påpeika naudsynte strakstiltak i eit avgrensa område.

Det er avdekkta behov for vidare arbeid med sikte på ei meir framtidretta og heilskapeleg trafikkskilting i Volda sentrum.

Saksopplysningar/fakta:

Formannskapet har i samband med orienteringssak OS 147/18 teke opp spørsmål om revidering av skiltplan for Volda sentrum. Ordføraren vart gitt fullmakt til å kontakte Volda

Næringsforum for å få innspel til vidare prosess. Volda Næringsforum har som innspel til kommunen (epost den 20.10.2018) bedt om at det vert gjennomført hastetiltak for skilting i Volda sentrum.

VNF har forslått følgjande tiltak:

1. Krysset mot E39 ved Cubus/Det Grøne Tre (Hamnegata/E39)
 - Fjerne innkøyring-forbodeskiltet frå E39
 - Sette opp eit nytt skilt på E39 med forbod mot sving til venstre for trafikk frå retning Ørsta
2. «Vegstumpen» mellom Narvesen/Haavik/Skolsen (Hamnegata):
 - Løyse opp einvegskøyringa (i Hamnegata)
 - Sette opp stoppskilt mot Storgata (krysset Hamnegata/Storgata)
 - Alternativt kan ein gjere tiltak, slik at trafikken flyt meir av seg sjølv rundt Haavik-huset, om ein ikkje får opna opp for trafikk begge vegar

Revisjon av skiltplan

På bakgrunn av initiativ frå kommunen og etter innspel frå Volda Næringsforum m.fl er det gjennomført kartlegging/utgreiing med sikte på å få på plass nye skiltvedtak for einskilde trafikkpunkt i Volda sentrum. Innspela som er mottekne i saka har i hovudsak gått på at det er ønskjeleg å løyse opp restriksjonar på køyreretningar, m.a ved inn- utkøyring på E39 (Sjøgata) ved Det Grøne Treet samt i Hamnegata ved Narvesen/Haavik.

I innspela er det også peika på behovet for å få på plass skiltplan som omfattar heile sentrum – både for kommunale vegar og for delar av E39 Sjøgata/Hamnegata - der ein t.d. ser på om det kan innførast soneregulering av fart og parkering.

Ein har i denne omgang avgrensa revisjonen av skiltplanen til å omfatte dei mest presserande trafikkpunkta som det har vore knytt mykje merksemd til både frå næringsdrivande, publikum samt frå politiet.

For å for å oppnå betre verknad av skiltinga ved dei aktuelle trafikkpunkta har ein funne det fornuftig å foreslå endringar i eit nærliggande område og då i hovudsak Storgata – frå krysset E39 og fram til rundkøyringa ved Engesetvegen/Lerkane.




fig.1. skiltplan - planområde

Det er gjort ei avgrensning i framlegget til revidert skiltplan som omfattar del av Volda sentrum slik som vist på fig.1.

Storgata – forkøyrsvog.

I framlegget til skiltplan legg ein opp til at Storgata kan vere forkøyrsvog frå krysset ved E39/Sjøgata og fram til rundkøyringa nord for sentrum – ei strekning på omlag 400 m. Tiltaket vil medføre at køyrande som skal ut i Storgata frå alle sidevegar på strekningen frå E39 Sjøgata og fram til rundkøyringa vert pålagt vikeplikt.

Ved å gjere dette grepet opprettheld ein trafikktryggleiken i krysset Storgata/Hamnegata (Narvesenhjørnet) sjølv om ein fjernar einvegskøyringa i dette kvartalet.

Skilt som vert fjerna. fig.2.

For å imøtekomme ønskje om eit meir smidig køyremønster og betre trafikkflyt i sentrum er det foreslått å fjerne fleire einvegskøyringar/innkøyring forbode- løysingar. Følgjande skilt er aktuelle for fjerning:

Skilta 302 - *innkøyring forbode* - i krysset ved Cubus/Det Grøne Treet. 2 stk.

Skiltet 302 - *innkøyring forbode* – ved det søraustlege hjørnet av Haavik-bygget.

Skilt 526.2 – *einvegskøyring* – på hjørnet ved Narvesenbygget.

Skilta 302 - *innkøyring forbode* – i krysset Storgata/Halkjelsgata.

Skilt 306.1 – *forbode for motorvogn* – ved kyrkjegardsmuren.

Skilt 202 – *vikeplikt* – ved utkøyringa til Sjøgata - Cubus/Det Grøne Treet. Ikkje behov for dette skiltet på begge sider av vegen.



















fig.2. trafikkskilt som vert fjerna

Nye skilt.

Følgjande nye skilt er lagt inn i planen:

Skiltpunkt	plassering	Skiltnummer/namn	trafikkskilt
1	På sørsida av E39/Sjøgata, ved busslomme	713 – vanleg vegvisar	
2	Storgata, ved avkøyringa frå E39/Sjøgata	206 – forkøyrsvog 362.40 - fartsgrense	
3	Krysset Storgata – Hamnegata	208 – slutt på forkøyrsvog 362.40 – slutt på særskild fartsgrense	
4	Krysset Storgata – Hamnegata (Narvesenhjørnet)	202 - vikeplikt	
5	Krysset Storgata - Vikenesvegen	202 – vikeplikt	
6	Krysset Storgata – Halkjelsgata	202 - vikeplikt	
7	Krysset Storgata – Kyrkjegata	362.40 - fartsgrense	
8	Krysset Storgata – Seljebakken	362.40 - fartsgrense	
9	Krysset Storgata - Kyrkjegata	202 - vikeplikt	
10	Krysset Storgata – Seljebakken	202 - vikeplikt	
11	Krysset Storgata – Stormyra	202 - vikeplikt	
12	Rundkøyringa Storgata/Engesetvegen	208 – slutt på forkøyrsvog 362.40 – slutt på særskild fartsgrense	

13	Krysset Storgata/Doktervegen	202 – vikeplikt	
14	Rundkøyninga Storgata/Engesetvegen	206 – forkøyrsvog 362.40 - fartsgrense	 

Vurdering og konklusjon:

Arbeidet med revisjon av skiltplan for sentrum har avdekket behov for å gjennomføre tiltak som på kort sikt løser opp i nokre av utfordringane ved einstilte trafikkpunkt som er påpeika av partane i saka. Skiltplanen som er utarbeidd tek omsyn til dette og kan leggast ut til offentleg ettersyn slik at ein m.a kan innhente råd frå Statens vegvesen, politiet m.fl. som grunnlag for endeleg vedtak.

Eg finn grunn til å påpeike at det er behov for vidare arbeid med trafikkskiltplan for heile Volda sentrum.

Helse og miljøkonsekvensar:

Avgrensa

Økonomiske konsekvensar:

Dersom planen vert godkjent vil kostnader til oppsetting av nye skilt måtte finansierast.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

PS 5/19 Uttale frå Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne til nybygg i Volda kommune

PS 6/19 Orienterings- og drøftingssaker

ORIENTERINGSSAKER

OS 1/19 Behov for rullestolparkering på ferger - Svar til uttale frå Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne i Volda kommune

Fra: olav.arne.vatne@mrfylke.no[olav.arne.vatne@mrfylke.no]

Sendt: 05.12.2018 13:37:36

Til: Postmottak Volda

Tittel: Uttale frå Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne i Volda kommune - Behov for rullestolparkering på ferger

Møre og Romsdal fylkeskommune takkar for dykkar innspel, og vil ta med seg dette inn i arbeidet med utbetring av kaianlegg. Vi vil også ta med oss informasjonen til dei kontaktpunkta vi har med reiarlaga.



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE SAMFERDSELSAVDELINGA
Julsundvegen 47A

6412 MOLDE

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/1982	16209/2018	033	SVK/ SUNUTN	22.11.2018

**UTTALE FRÅ RÅD FOR LIKESTILLING AV MENNESKE MED NEDSETT
FUNKSJONSEVNE I VOLDA KOMMUNE - BEHOV FOR
RULLESTOLPARKERING PÅ FERGER**

FUNK er gjort kjent med at det er eit vanleg problem for rørslehemma at dei vert inneparkert på ferjene.

Det er ikkje avmerka biloppstillingsplassar på land for bilar med rullestolheis. Dei får difor ikkje nytta seg av biloppstillingsplassane som er på mange ferjer og ein blir konsekvent inneparkert på dekk.

Dette går ut over helse og sikkerhet og vi oppmodar om at det umiddelbart blir funne ei løysing på dette.

Med helsing

Sunniva Utnes

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

OS 2/19 Orientering om handikapinngang ved Volda kyrkje